


1. Eit skjel døyr.




2. Det blir dekt av mudder, og blaute delar rotnar.



3. Anten går den harde delen i oppløysing, eller så sig grunnvatn inn og fyller mikroskopiske holrom i skjelet med kjemisk utfelt materiale (silisium eller kalkspat). Det blir til stein.



4. Også materialet rundt fossilet størknar.



5. Materialet rundt forvitrar, og fossilet kjem til syne.




Fossil av den fryktinggytande kjempearten pliosaurus vart i 2006 funne på Svalbard. Skapningen frå juraperioden levde i havet og var på størrelse med ein spekkhoggar.

47 millionar år gamle «Ida», funne i Tyskland, er det best bevarte og mest komplette kjende fossilet av ein primat. Ida er ein link mellom halvaper og ekte aper, og dermed viktig for å forstå menneskets utvikling.



Insekt, edderkoppar og plantebitar kan finnast i rav, som er fossil harpiks.



Fossil av raudtre, funne i Danmark, om lag 54 millionar år gammalt. Oksygenet og hydrogenet i plantematerialet er borte, men karbonet står att.



KENOZOIKUM (GEOLOGISK NYTTID)

Kvartær (2–nå)
Menneske og isbrear

Tertiær (65–2)
Pattedyr og fuglar utviklast

MESOZOIKUM (GEOLOGISK MIDDELTID)

Kritt (144–65)
Dei siste dinosaurane

Jura (206–144)
Dei første pattedyra og fuglane

Trias (250–206)
Dei første dinosaurane

PALEOZOIKUM (GEOLOGISK OLDTID)

Perm (286–250)
Pattedyrliknande krypdyr

Karbon (360–286)
Mange amfibium, dei første krypdyra

Devon (408–360)
Dei første amfibia går på land

Silur (438–408)
Plantene går på land

Ordovicium (488–438)
Vidare utvikling av havdyr

Kambrium (542–488)
Havdyr med skjel blir vanlege

NEOPROTEOZOIKUM

Ediacara (635–542)
Dyr utan harde kroppsdelar

Fossil i lausmassar

Fossil på norsk sokkel

Fossil i fastlands-Noreg